Statsforvaltaren i Vestland

Vår dato: 17.01.2021

Vår ref: 2021/11337

Dykkar dato:

Dykkar ref:

Alver kommune
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Saksbehandlar, innvalstelefon
Maria Knagenhjelm, 5764 3137

# Lurefjorden og Lindåsosane marine verneområde – endring av tidlegare løyve til å behalde eksisterande sjøleidning, avslag på flytting – Alver kommune

Vi viser til søknad datert 28.07.2021 frå Norconsult AS, på vegner av Alver kommune. Søknaden gjeld endring av vilkår i løyve gitt av Statsforvaltaren i Vestland den 18.03.2021. Vi ba om tilleggsopplysningar og fekk tilsendt ytterlegare informasjon frå søkjar for å kunne vurdere saka. Vi beklagar den lange saksbehandlingstida.

Søknaden dreier seg om endring av eit vilkår i løyvet gitt av oss 18.03.2021. Vedtaket vart ikkje påklaga, og er såleis gyldig inntil eit nytt vedtak er treft. Løyvet gjeld legging av ei ny vassleidning for industrivatn gjennom Fjellangsvågen, Haukåsstraumen, Spjeldosen og Syslakvågen i Lurefjorden og Lindåsosane marine verneområde.

Dokument i saka:

- Søknad frå Norconsult AS på vegner av Alver kommune datert 28.07.2021 med vedlegg
- Utfyllande informasjon datert den 31.08.2021 frå Norconsult AS
- Løyve frå Statsforvaltaren datert 18.03.2021 til Norconsult om legging av sjøleidning mot Mongstad
- Opphavleg søknad frå Norconsult AS på vegner av Alver kommune datert 11.08.2020 med tilhøyrande dokument
- Forskrift om vern av Lurefjorden og Lindåsosane marine verneområde i Alver og Austrheim kommunar, Vestland fylke, datert 26.06.2020
- Naturmangfaldlova

Alver kommune har ansvar for å syte for vatn til Mongstad industriområde. I tillegg blir nabokommunen Austrheim forsynt med drikkevatn via Alver kommune sitt vassnett. Den nye vassleidninga fekk konsesjon frå NVE den 12.01.2015, og skulle i utgangspunktet bli igangsett i 2015. Norconsult skriv at ulike årsaker førte til at igangsettinga vart forsinka. NVE gav forlenging av konsesjonen med utsett byggjefrist til 06.03.2022, og ferdigstilling av arbeidet seinast 3 år seinare, altså innan mars 2025.

E-postadresse:
sfvlpost@statsforvalteren.no
Sikker melding:
www.statsforvaltaren.no/melding

Postadresse:
Njøsavegen 2
6863 Leikanger

Besøksadresse:
Njøsavegen 2, Leikanger
Statens hus, Kaigaten 9, Bergen
Fjellvegen 11, Førde

Telefon: 57 64 30 00
www.statsforvaltaren.no/vl

Org.nr. 974 760 665

Den første søknaden frå Norconsult skildrar den nye vassleidninga for å være *av vital betydning for å sikre viktige samfunnsinteresser både for befolkningen og Equinor sine anlegg på Mongstad samt annen industrivirksomhet i tilknytning til dette.*

I vårt vedtak datert den 18.03.2021 fekk Norconsult AS, på vegner av Alver kommune, løyve til å leggje den nye vassleidninga gjennom Lurefjorden og Lindåsosane marine verneområde, slik det vart søkt om. Vi heimla dispensasjonen i § 5 b i verneforskrifta og vedtaket vart utforma slik:

*Vedtak*
*Statsforvaltaren i Vestland gjev dispensasjon etter § 5 b, jamfør verneforskrifta for Lurefjorden og Lindosåsane, til legging av røyrleidning for vassforsyning til industriføremål på Mongstad og til Austrheim kommune, jamfør søknad, på følgjande vilkår:*

1. *Tiltaket kan gjennomførast i anleggsperioden 1. juni til 1. januar. Løyvet gjeld til og med år 2024.*
2. *Den gamle røyrleidninga som ikkje lengre vil være i bruk skal bli fjerna og levert godkjent anlegg/mottak. Også dette må skje i same tidsperiode som punkt 1.*
3. *Røyrleidninga langs botnen skal bli lagt i trase der den ikkje øydelegg viktige naturførekomstar.*
4. *Statsforvaltaren gir ikkje løyve til terrengtilpassing i form av sprenging eller anna tilsvarande anleggsarbeid på sjøbotn i verneområdet.*
5. *Alt avfall frå tiltaket skal leverast godkjent mottak, og sjøbotn rundt tiltaket skal være fri for avfall.*
6. *Statsforvaltaren skal ha ein rapport med bilete i ettertid at tiltaket, der m.a. endeleg trasé for ny leidning går fram, dato for gjennomføring, viktige observasjonar av fjordbotn ved legging av ny og ved rydding av gamal røyrleidning, med meir.*

Anleggsperioden mellom juni og januar var viktig å presisere i vilkårssettinga for å unngå unødig uro på botn og i dei frie vassmassar, då både torsken og den unike sildestammen i fjorden er sårbar i gyte- og yngelperioden om vinteren og utover våren.

Norconsult AS spesifiserte i den opphavlege søknaden at den gamle vassleidninga (blå strek på kartet på neste side i saksutgreiinga) skulle fjernast.

Den søknaden som no ligg til grunn for vurdering gjeld i hovudsak endring av vilkår nr 2 i løyvet, der Statsforvaltaren sette krav om fjerning av den gamle vassleidninga. Alver kommune la dette til grunn for prosjektet i den opphavlege søknaden. Søknaden skildrar denne endra planen i det følgjande utdraget:

*(...) Alver kommune ønsker nå, etter nærmere overveielse, å beholde den gamle ledningen som en reserveledning for forsyning av drikkevann fra Ådnevik tilbake mot Vågseidet og fra Ådnevik mot Sjursetvatn dersom det skjer brudd på hovedledningen mellom Storavatn og Mongstad som forsyner området i dag. Ledningen vil også kunne benyttes som reservevannforsyning til boligområdene på Risa og Hope m.fl. Ledningen vil kunne sikre reservevannforsyningen til store deler av Alver nord ved brudd på eksisterende hovedforsyning. Den nye hovedledningen mellom Vågseidet og Sjursetvatn vil ut i Spjeldosen ligge parallelt med eksisterende ledning.*

*Planen er å heve den gamle ledningen ved å fortrenge vannet med luft, for så å flytte ledningen sideveis noen meter mot øst slik at den nye og den gamle ledningen ikke kommer i konflikt med hverandre. Den gamle ledningen senkes kontrollert etter at den nye er lagt i trase på sjøbunnen.*



*Blå strek = Eksisterende pumpeledning Ø225-250 mm. Ca. 8,5 km i sjø og 0,3 km i grøft.*
*Rød strek = Ny pumpeledning Ø560 mm. Ca. 5,8 km i sjø og 2,0 km i terreng/langs vei.*

Avslutningsvis skriv Norconsult i søknaden at andre krav gitt i løyvet frå Statsforvaltaren vil bli følgd opp. Eit meir detaljert kart over traseen der søkjar ønskjer å behalde den gamle vassleidninga vart også oversendt



## Lovgrunnlag

Det meste av den omsøkte røyrleidninga ligg innanfor det marine verneområdet, og det er såleis rett å handsame saka etter verneforskrifta for Lurefjorden og Lindåsosane, vedteke i statsråd den 26.06.2020.

Føremålet med Lurefjorden og Lindåsosane marine verneområde er å ta vare på eit unikt fjord- og pollsystem med lågt oksygeninnhald, med mellom anna spesielle førekomstar av den djuptlevande kronemaneten *Periphylla periphylla* og ishavsåte *Calanus glacialis*, og ei eiga sildestamme. Det er ei målsetjing å halde verneverdiane utan større grad av ytre påverknad, og området skal kunne tene som referanseområde for forsking og overvaking. Verneføremålet knyter seg til vassøyla og sjøbotnen, jf. verneforskrifta § 1.

I verneforskrifta § 3 står det at i det marine verneområdet må ingen setje i verk noko som skader verneverdiane. Både vegetasjonen og dyrelivet er verna mot skade og øydelegging. Området er verna mot tiltak og inngrep som kan skade verneverdiane som etablering av ulike typar anlegg, utfylling, byggeverksemd, plassering av konstruksjonar på sjøbotnen, andre varige eller midlertidige innretningar, legging av røyrleidningar og kablar, utføring av avløpsvatn og andre konsentrerte tilførsler av ureining, mudring, uttak og deponering av masse, sprenging, boring, utslepp av kjølevatn frå land, omrøyring av vassmassar og oppankring. Forsøpling er forbode. Opplistinga er ikkje uttømmande.

Verneforskrifta § 5 b seier at Statsforvaltaren kan gje dispensasjon frå verneforskrifta til legging av kablar og røyrleidningar, så langt som mogleg samla i korridorar.

Norconsult/Alver kommune klaga ikkje på vedtaket jamfør forvaltningslova. Vi har vurdert å handsame den som ei ny søknad etter verneforskrifta.

Etter naturmangfaldlova § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg mynde som kan påverke naturmangfald, og det skal gå fram av avgjerda korleis desse prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

## Statsforvaltaren si vurdering

I vurderinga av det opphavlege løyvet skriv vi mellom anna:

*Verneforskrifta opnar opp for nye røyrleidningar, gjerne samla i ein trasé. Vi er ikkje kjent med andre leidning- eller kabeltraséar der dette tiltaket kan leggjast i lag (nml § 10). Vi ser på det som positivt at søknaden legg til grunn at dei skal fjerne den gamle røyrleidninga som ikkje lengre vil være i bruk (nml § 11), og ser på den samla belastinga også i lys av dette. Vi har brukt nml § 12 i vurderinga med vilkårssetting, der både anleggsperioden er vesentleg, vilkår om å ikkje øydelegge viktige naturførekomstar langs traséen som vi ikkje har kunnskap om på vedtakstidspunktet, samt at det ikkje vert gjeve løyve til sprenging eller andre inngripande terrengtilpassingar. Søknaden skildrar at leidninga vil bli senka på lausmassebotn, der den gradvis vil bli dekka av sediment. (...) Vi vurderer tiltaket til å ikkje medføre vesentleg auka påverknad på verneføremålet for det marine verneområdet i nemneverdig grad. Tiltaket har også ein vesentleg samfunnsinteresse. Vi finn det såleis rett å innvilge dispensasjon frå verneforskrifta med vilkår om at sjøbotn blir minst mogeleg påverka og at den sårbare perioden for sild og torsk ikkje vert råka.*

No når søkjar både vil behalde den gamle leidninga og samstundes flytte den, treng vi å gjere ei ny, overordna vurdering. Vi registrerer at NVE gav konsesjon til tiltaket allereie i 12.01.2015 og at

igangsetting av arbeidet må være registrert innan 06.03.2022. Det er om knappe to månader. I vårt vedtak skal det ikkje være anleggsverksemd mellom januar og juni grunna omsyn til det sårbare naturmangfaldet, jf. § 10.

Vi stiller spørsmål ved kvifor planane er endra så seint i prosjektet. No er søkjar sitt ønskje å ha to separate vassleidningar, både av gamal og av ny dato. Begge leiar vatn frå same vasskjelde og grunngjevinga er at det er trygt å ha den gamle i tilfelle den nye blir øydelagt. Fristen for igangsetjing går ut no snart, i perioden søkjar ikkje har lov å ha verksemd, grunna vårt vilkår om anleggsstans av omsyn til det sårbare biologiske mangfaldet.

Etter § 8 i naturmangfaldslova meiner vi å ha tilstrekkeleg kunnskapsgrunnlag til å kunne vurdere søknaden. Lurefjorden og Lindåsosane er eit unikt fjord- og pollsystem, mellom anna med spesielle førekomstar av ei eiga sildestamme som er unik for dette geografiske området. Det er ei målsetjing å halde verneverdiane utan større grad av ytre påverknad. Det er mudderbotn på store delar av sjøbotnen som vil bli virvla opp dersom den gamle leidninga skal bli flytta på.

Vi vurderer at dersom økosystemtilnærminga og den samla belastinga med oppvirvling av så mykje sediment skal tolererast, må det være fordi den gamle leidninga blir fjerna og det marine verneområdet då blir kvitt tekniske inngrep og avfall. Dersom den gamle leidninga framleis skal være i bruk til reservevassforsyning jamfør den nye skildringa frå Norconsult, vil det gje minst miljøskade at den blir liggjande der den ligg i dag, jf. §§ 9 og 12. Etter § 11 skal *tiltakshaver (...) dekke kostnadene ved å hindre eller begrense skade på naturmangfoldet som tiltaket volder, dersom dette ikke er urimelig ut fra tiltakets og skadens karakter.*

Vi gjev oppfrisking av punkt 1 i vedtaket, og set fristen for gjennomføring eitt år lengre enn opphavleg, fram til og med 2025.

## Vedtak

Statsforvaltaren gjer vedtak om å endre punkt 1 og punkt 2 i tidlegare løyve datert 18.03.2021 til Norconsult om legging av sjøleidning mot Mongstad.

1. Tiltaket kan gjennomførast i anleggsperioden 1. juni til 1. januar. Løyvet gjeld til og med år 2025.
2. Den gamle røyrleidninga kan nyttast til reservevassforsyning så lenge den har funksjon som reservekjelde. Om bruken av den fell vekk, kan den bli fjerna på ein skånsam måte i ein anleggsperiode mellom juni og januar.

Resten av vedtaket er framleis gjeldande. Vi gjer såleis avslag på å flytte den gamle røyrleidninga.

Vi ber Alver kommune orientere oss om prosjektet undervegs.

## Klage

Denne avgjerda kan partar i saka eller andre som har rettsleg klageinteresse klage inn for Miljødirektoratet med ein frist på 3 veker. Eventuell klage skal sendast til Statsforvaltaren, som vil vurdere klaga og sende den til Miljødirektoratet dersom vi ikkje finn grunn til å gjere om vedtaket.

Med helsing

| | |
|---|---|
| Kjell Kvingedal<br>miljødirektør | Eline Orheim<br>seksjonsleiar |

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til:

| | | | |
|---|---|---|---|
| Statens Naturoppsyn | Postboks 5672 Sluppen | 7485 | TRONDHEIM |
| NORCONSULT AS AVD BERGEN | Postboks 1199 Sentrum | 5811 | BERGEN |

Bergen Havn

Vår dato: 24. august 2021
Vår ref.: 2021/39420-4
Saksbehandler: Hanne Gunnarskog
Telefon: +47 980 84 528
E-post Hanne.Gunnarskog@bergenhavn.no
Deres ref.:

NORCONSULT AS AVD BERGEN
Postboks 1199 Sentrum

5811 BERGEN

# Vedtak - Tillatelse til utlegging av ledning i sjø - Vågseidet og Syslakvågen, Alver kommune

Vi viser til søknad mottatt hertil den 04.05.2021 vedrørende ovennevnte tiltak.

**Tiltakshaver**
Alver kommune v/Teknisk drift

**Ansvarlig søker**
Norconsult AS

**Eiendom**
Vågseidet og Syslakvågen, Alver kommune.

**Beskrivelse av saken**
Det er søkt om tillatelse til utlegging av en ledning på ca. 5,8 kilometer i sjø, som vist av inntegning i vedlagt kartutsnitt. Ledningen legges ut gjennom Fjellangsvågen, Haukåsstraumen, Spjeldosen nordøst og inn Syslakvågen hvor den føres på land til grøft. Videre opplyses det at ledningen vektbelastes med avrundede betonglodd for å hindre oppflytning.

**Aktuelle bestemmelser**
Tiltaket faller inn under havne- og farvannsloven (hfl.) av 21.06.2019 § 14 første ledd, som lyder:

> *"Tiltak som kan påvirke sikkerheten, ferdselen eller forsvars- og beredskapsinteresser i farvannet, kan ikke etableres uten tillatelse. Som tiltak regnes både innretninger, naturinngrep og aktiviteter. Det kan ikke gis tillatelse til tiltak som vil stride mot bestemmelser gitt i eller i medhold av denne loven."*

Kommunens myndighet til å fatte vedtak i slike saker er delegert til Bergen og Omland Farvannsforvaltning IKS (BF IKS) iht. hfl. § 4.

**Vurdering**
I vurderingen av om tillatelse skal gis, skal det legges vekt på havne- og farvannslovens formål som fremgår av § 1:

*"Loven skal fremme sjøtransport som transportform og legge til rette for effektiv, sikker og miljøvennlig drift av havn og bruk av farvann."*

Området for omsøkt tiltak ligger innenfor den marine verneplanen i Lurefjorden og Lindåsosane. Statsforvalteren i Vestland v/Maria Knagenhjelm har i brev av 18.03.2021 opplyst at det er innvilget nødvendig tillatelse for utlegging av ledning i sjø. BHF IKS kan dermed fatte vedtak i saken.

Da det er registrert fiskeriinteresser i deler av det omsøkte området, ble søknaden sendt på høring til Fiskeridirektoratet. I e-post av 16.07.2021 uttaler Fiskeridirektoratet v/Ola Midttun følgende:

Vi viser til brev datert 08.06.2021 fra Bergen Havn Farvannsforvaltning IKS der det bes om forhåndsuttale til søknad om å legge ut vannledning mellom Vågseidet og Syslokvågen i Alver kommune.
Vi beklager at vårt svar kommer sent.

Det er registrert gytefelt torsk i sjøområdet og for ikke å uroe fisken i gytetiden, anbefaler vi at arbeid med utlegging utføres utenfor gytetiden som varer fra slutten av januar til begynnelsen av mai. Vi forutsetter at ledningen legges ut kontrollert slik at den blir liggende stabilt langs sjøbunn uten heng som kan medføre risiko for at fiskeredskap får hefte. Avrundede søkker med innfelte bolter. Utover dette har vi ingen merknader til søknad.

Mvh
Ola Midttun
seniorrådgiver
Fiskeridirektoratet region Vest
Tlf 468 88 567

Fiskeridirektoratet har ingen øvrige merknader.

Ut i fra mottatt informasjon har vi vurdert at utlegging av ledning i sjø ikke kommer i konflikt med alminnelig sikkerhet eller fremkommelighet til sjøs som er de hovedhensyn vi skal ivareta etter havne- og farvannsloven.

På denne bakgrunn kan det omsøkte tiltaket tillates etter havne- og farvannsloven.

Tillatelsen forutsetter at tiltaket blir utført etter de krav som Fiskeridirektoratet stiller i sin uttale av 16.07.2021.

Vi gjør oppmerksom på at det ved legging av sjøledninger må nyttes søkke som er utformet på en slik måte at disse ikke danner hefte for fiskeredskaper. Vi minner også om plikten til å merke sjøledninger med skilt, se vilkår nr. 8. Å sette opp et farvannsskilt krever imidlertid tillatelse fra Kystverket, jf. hfl. § 10 tredje ledd, se vilkår nr. 9.

Videre gjør vi oppmerksom på at den private eiendomsretten må respekteres, noe som innebærer at tiltak utenfor egne eiendomsgrenser også krever samtykke fra grunneier av eventuelt berørt eiendom. BF IKS forutsetter at det tas hensyn til etablerte tiltak i sjøområdet og at det, om nødvendig, inngås dialog med eiere av tiltak ved behov.

**<u>Vedtak</u>**
Med hjemmel i havne- og farvannsloven § 14 første ledd har BF IKS fattet følgende vedtak:

**Det gis tillatelse til utlegging av en ledning på ca. 5,8 kilometer i sjø mellom Vågseidet og Syslakvågen, i Alver kommune, med mål og plassering som vist av inntegning i vedlagt kartutsnitt, som er godkjent av BF IKS. Tiltaket eller bruken av dette må ikke hindre tilflott til eller annen utnyttelse av naboeiendommer. Tillatelsen forutsetter at tiltaket blir utført etter de krav som Fiskeridirektoratet stiller i sin uttale av 16.07.2021.**

**Det presiseres at saken er behandlet utelukkende under hensyn til reglene i havne- og farvannsloven, og ikke annet regelverk. Hensynet til naboeiendommer er ikke vurdert da dette reguleres av plan- og bygningsloven som forvaltes av kommunen. Det er søkerens ansvar å avklare om tiltaket er søknadspliktig etter andre regelverk. Det kan for eksempel kreves tillatelse til tiltaket etter plan- og bygningsloven, forurensingsloven, kulturminneloven etc. Dette må søker selv avklare med vedkommende myndighet.**

**Søker er selv ansvarlig for å innhente nødvendig samtykke fra grunneiere og andre rettighetshavere. Privatrettslige tvister mellom partene avgjøres enten gjennom avtale eller på andre måter, for eksempel av domstolene.**

**<u>Vilkår</u>**

Tillatelsen gis på følgende vilkår:

*§ 16 Vilkår for tillatelse*

*Tillatelse etter § 14 kan gis med vilkår om blant annet*

*a) undersøkelser*
*b) utførelse, utstyr og dimensjonering*
*c) tidsbegrensning*
*d) bruk*
*e) vedlikehold*
*f) miljøovervåkning*
*g) fjerning og opprydning*

*Det kan settes som vilkår at den som får en tillatelse, skal dekke utgiftene til å oppfylle vilkår nevnt i første ledd.*

*Dersom tiltaket kan volde vesentlig ulempe for annen bruk av farvannet, kan det settes som vilkår at tiltakshaveren skal legge til rette for slik bruk et annet sted eller yte tilskudd til dette formålet. Det kan også settes som vilkår at tiltakshaveren uten hensyn til skyld skal erstatte skade på og tap av redskap og utstyr som benyttes i annen næringsvirksomhet i farvannet. Erstatningsansvaret kan lempes eller falle bort dersom tiltakshaveren sannsynliggjør at skaden skyldes grov uaktsomhet fra den skadelidte.*

Med hjemmel i havne- og farvannsloven § 16 gjelder i tillegg følgende standardvilkår så langt de passer:

1. Arbeidet skal utføres som beskrevet i søknaden og som vist på fremlagte kartutsnitt og tegninger.

2. Det må ikke foretas endringer uten at dette på forhånd er godkjent av BF IKS.

   Begrunnelse til punkt 1 og 2:
   Endringer på anlegget kan gi en annen virkning på farvannet, og dette har ikke vært vurdert i forbindelse med tillatelsen.

3. Det må sørges for at tiltaket til enhver tid er forsvarlig vedlikeholdt.

   Begrunnelse:
   Vilkåret er satt ut fra sikkerhetsmessige hensyn.

4. Eventuelt erstatningsansvar som følge av tiltaket påhviler søkeren.

   Begrunnelse:
   Vilkåret er satt for at BF IKS ikke skal bli ansvarlig for tiltak der nytten ligger hos andre. Det er tiltakshaver som får fordelen av tiltaket, og dermed naturlig at tiltakshaveren bærer utgiftene ved eventuell skade.

5. Av hensyn til sjøkartenes ajourhold og kunngjøring i "Etterretning for sjøfarende" ber vi om at underretning, vedlagt kart der ledningens trasé er nøyaktig inntegnet, sendes til **Statens kartverk Sjø**, Postboks 60, 4001 Stavanger, så snart arbeidet er utført. Gjenpart med referanse til dette vedtaket sendes til BF IKS.

   Begrunnelse:
   Vilkåret er satt ut fra ferdsels- og sikkerhetsmessige hensyn for de sjøfarende, og for ajourhold og oppdatering av sjøkartene.

6. Ledninger på sjøbunnen skal plasseres i henhold til vedlagte kartutsnitt med nøyaktig inntegnet trasé. De må følge bunntopografien, uten heng, og legges forsvarlig slik at de ikke forandrer leie eller flyter opp. Eventuelle fester og søkker skal ha en slik utforming at de ikke hefter fiskeredskaper. Det skal så langt som mulig unngås bruk av frie spenn og sidestøtter. Der frie spenn ikke kan unngås skal de utføres med så korte spenn som mulig.

   Begrunnelse:
   Vilkåret er satt ut fra ferdsels- og sikkerhetsmessige hensyn, samt hensynet til fiske.

7. Dersom det på grunn av utslipp fra ledningen skulle vise seg nødvendig med mudring ved ledningens utløp, må dette bekostes av tiltakshaver.

   Begrunnelse:
   Det er tiltakshaver som får fordelen av tiltaket, og det er derfor naturlig at tiltakshaver bærer utgiftene ved behov for mudring.

8. Tiltakshaver plikter å merke ledningen med skilt ved landfeste. Tiltakshaver er ansvarlig for vedlikehold av merkingen.

   Begrunnelse:
   Vilkåret er satt ut fra sikkerhetsmessige hensyn.

9. Å sette opp farvannsskilt krever tillatelse fra Kystverket, jf. Hfl. § 10 tredje ledd. Søknad om å få sette opp et farvannsskilt skal sendes til post@kystverket.no, Kystverket digitalt (orgnr. 874783242) eller per post til Kystverket, postboks 1502, 6025 Ålesund. Søknaden skal inneholde følgende dokumentasjon:

   a. Hvilket farvannsskilt eller navigasjonsinnretning søknaden gjelder

b. Stedsangivelse av farvannsskiltet eller navigasjonsinnretningen ved hjelp av kartutsnitt og geografiske koordinater (WGS 84 datum)
c. En vurdering av hvilken betydning etablering, nedlegging eller flytting av vedkommende farvannsskilt eller navigasjonsinnretning vil ha for sjøverts ferdsel og andre opplysninger som er nødvendige for behandling av søknaden.
d. Hvem som er eier og evt. andre som måtte ha ansvar for vedkommende farvannsskilt eller navigasjonsinnretning.

For nærmere informasjon om de enkelte farvannsskiltene, se forskrift om farvannsskilt og navigasjonsinnretninger. Du kan også kontakte Kystverket på telefon 07847 for å få nærmere informasjon om hvordan du søker.

Begrunnelse:
Vilkåret er satt ut fra sikkerhetsmessige hensyn.

10. Ledningen må legges ut i samråd med eier(e) av eventuelle andre kabler/ledninger eller andre installasjoner som omsøkte ledning kommer til å krysse.

    Begrunnelse:
    En tillatelse etter havne- og farvannsloven vil ha rettsvirkninger etter sitt innhold så langt dette rekker innenfor de rammer loven setter. Hfl. Regulerer ikke nabo- og eiendomsforhold og har ingen betydning for disse.

11. BF IKS kan kreve at eier/tiltakshaver sørger for at ledninger på sjøbunnen som ikke lenger er i bruk, helt eller delvis blir flyttet, fjernet, nedgravd eller overdekket, dersom det anses nødvendig av hensyn til sikkerhet, miljø og fremkommelighet. Kostnader ved dette må bæres av eier/tiltakshaver.

    Begrunnelse:
    Vilkåret er satt ut fra ferdsels- og sikkerhetsmessige hensyn, samt miljøhensyn.

**Bortfall av tillatelse**
Iht. hfl. § 16 siste ledd faller tillatelsen bort hvis arbeidet med tiltaket ikke er satt i gang senest tre år etter at tillatelsen ble gitt. Det samme gjelder hvis arbeidet med tiltaket blir innstilt i mer enn to år. Tillatelsen kan forlenges én gang med inntil tre år.

**Klage**
Dette er et enkeltvedtak som kan påklages etter reglene i forvaltningsloven av den som er part i saken og av andre med rettslig klageinteresse, jfr. Forvaltningsloven av 10. februar 1967 § 28, 1.ledd, 1.setning. Klagefristen er i utgangspunktet tre - 3 - uker fra det tidspunkt underretning om vedtaket er kommet fram til vedkommende, jf. fvl. § 29. Kystverkets hovedkontor er klageinstans, jf. hfl. § 4 andre ledd, men klagen skal sendes til BF IKS.

Selv om søker eller andre har klagerett kan vedtaket vanligvis gjennomføres før klagen er avgjort. Det er imidlertid adgang til å søke om at iverksetting blir utsatt. Dersom slik søknad kommer fra søker eller andre parter vil utsettelse bli vurdert. Dette betyr at eventuelle arbeider som er satt i gang eller skal settes i gang kan måtte stoppe.

Nærmere opplysninger om retten til å klage over forvaltningsvedtak finnes i vedlagte skjema. Spørsmål angående en eventuell klage kan også rettes til oss.

Med hilsen
Bergen og Omland Farvannsforvaltning IKS

Silje Eide - juridisk leder
Hanne Gunnarskog - saksbehandler

*Dokumentet er godkjent elektronisk.*

Kopi til: FISKERIDIREKTORATET, ALVER KOMMUNE, ALVER KOMMUNE TEKNISK FORVALTNING OG DRIFT